



Stampa dunkar igjen

Det har vore stilt lenge ved fossane på Jøsvoll, men i dag skal Stampa på ny dunke og slå. Eit tidleg industriminne er gjenreist ved Stavåna.

STORDAL. Det er grønt gras på taket og vegger av breie tømmerstokkar. Ei renne fører vatnet frå Stavåna og ned på vasshjulet. Hjulet driv ein solid tømmerstokk med hakar. Hakane løfter tunge stokkar opp, slepper dei og let dei falle tungt ned i ei renne i golvet.

Dette er tidlegare tiders tøymluknar. I denne renna la dei nytt og stivt vadmålstøy, som vart både mjukt, tett og varmt av den hardhendte behandlinga.

Eldsjeler. Den gjenreiste Stampa ved Stavåna er på nytt på plass på dei gamle murane sine, takk vere lokale eldsjeler. Harald Jøsvoll er grunneigar og har halde materialar, snikkar Per Kjell Holtleite og sønene hans har gjort det meste av den praktiske jobben. Den pensjonerte entreprenøren Jon Holt har vore pådrivar og har betalt utgiftene. Kor mykje det har kosta, har dei ikkje rekna på. Men vi er samde om at det er det verd, seier han.

Dei felles forfedrane til Jon Holt og Harald Jøsvoll dreiv vadmålsstampe ved Stavåna frå midten på 1800-talet og i mange generasjonar. Etter nokre tiår var stampa nedsliten og til nedfalls. I 1902 vart ei lita røykstove flytta til staden og teken i bruk til formålet. Stampa var i drift til 1910. Då gjorde elektrisiteten verksemda uavhengig av vasskraft.

I 1934 gav familien bygningen til Sunnmøre Museum. Men museet hadde ikkje pengar til å setje huset opp og selde i staden stampa til Folkemuseet på Bygdøy. Der står originalen den dag i dag.

Stordaling. Jon Holt er eitt av fleire eksempel på at ein stordaling alltid er stordaling. Sjølv har han hatt adresse Bærum store delar av livet sitt. Men han bur i Stordal store delar av året, i gamletunet i Framgarden som han har restaurert.



Denne kraftige akslingen med hakar løfter dei tunge tømmerstokkane og slepper dei ned i «bryå» der kledet ligg.

Næraste nabo er den gamle skøytestjerna Per Ivar Moe, som også bur austpå. Han har også restaurert ei gammal røykstove og er så godt som ferdig med å restaurere det gamle kvernhuset på garden. Harald Jøsvoll har planar om også å få stelt i stand sitt kvernhus. Bygning etter bygning blir rusta opp for å gjenskape det travle miljøet ved fossen.

– Eg har drive ein del med å restaurere gamle hus. Mi røynsle er at det viktigaste er at dei blir brukte til noko og ikkje står berre på stas. Hus som ikkje blir brukte, forfell i løpet av kort tid. Derfor har vi blant andre teke kontakt med kommunen, som vil bruke anlegget i undervisninga. Kanskje kan det også utnyttast i reiselivssamanheng, seier Jon Holt.

KJETIL TANDSTAD
kjetil.tandstad@smp.no